

Referat frå FAU-møte 17.10.17

Til stades: Anne Lansom, Inger Lise Riveland, Hege Tungland Langbakk, Bjørn Vetrhus og Irene Thu.

Meldt fråfall: Mona Auestad

- Tilbakemelding frå saker frå sist møte
 - Anne ordner ei epost-adresse til FAU
 - Rektor vil undersøke ift. filter på dataene, men poengterer at det viktigaste er holdningsarbeid blant elevane. (Elevane som er flinke på data kjem seg uansett forbi slike filter). FAU stiller seg bak dette. Barnevakten.no anbefaler og holdningsarbeid i staden for filter.
 - Inger Lise har snakka med Fau på Høle, og vil vidare avtale at me kan få bli med på eit av deira møter.
 - Det er oppretta ei facebookgruppe for FAU og foreldrekontaktane. Der gjer FAU info til klassekontaktane, som dei bringer vidare til sine klasser. Der kan og klassekontaktane ta opp generelle tema med FAU. Personlege/individuelle tema skal ikkje tas opp her.
- Saker meldt frå foreldre:
 - Forslag om trivselsleiarar for ungdomstrinnet, og at kvar klasse frå ha ein kasse med utstyr til uteaktivitetar
Innslag frå FAU: SMU arbeider allereie med uteområdet til ungdomskoleelevane.
 - Nokre ungdommer går og røyker bak idrettshallen og heilt bort til Landa. Dette bør foreldregruppa informeras om, slik at alle kan ta ein prat med sine ungdommar. I ordensreglane står det at røyking er forodt, dette bør få konsekvensar for dei det gjeld. Nokre lærerar gjer beskjed til foreldra om dei kjenner røyklukt frå elevane, det er positivt.
Innslag frå FAU: FAU oppfordrar alle lærerar til å gje tilbakemelding til foreldre ift dette. FAU er og informert om at skoleleiinga allereie har kontakta politiet om å arrangere eit forebyggande møte med narkotika som tema. Dette støtter FAU fullt opp om! Me tenkjer og at punkt ein, altså betre tilrettelegging for positive aktiviteter i friminutta vil spela positivt inn ift. dette.
 - Kva blir gjort i klassane ift sosial kompetanse?
 - Vurderingskriterier for ungdomstrinnet. Dette er etterlyst i enkelte klasser. Anne tek dette opp med rektor.
 - Lokale læreplaner skal vere tilgjengelege for foreldre som ønskjer det, dei kan berre spør etter. Halvårsplanane skal derimot liggje tilgjengeleg under kvar klasse på nett. Alle lærerane har ikkje kome heilt i mål med dette, men det arbeides med.
 - Vekeplanane har blitt mykje betre!

- Refleksbruk

FAU råder foreldrene til å sjå film om refleksar saman med barna. Forslag til film/ videosnutt vil bli lagt ut på FAU si heimesida og på facebook

FAU ønskjer å dele ut refleks til dei som ikkje har dette, og gje premie til dei som har. Me vil søkje støtte hos lokale bedrifter for å få dette til.

- Parkering/levering

Den nye ordninga på parkeringsplassen fungerer dårleg, då mange framleis bruker den som ein vanleg parkeringsplass. Irene vil skrive om dette på klassekontaktane/ FAU si facebookside.

- Taushetsplikt-skjema

Anne arbeider med å skaffe eit godt skjema som kan liggje i klassepermane.

- Nye reglar ift mobbing

Sjå skulen si heimesida. FAU har diskutert kor viktig det er å snakke med barna om holdningar til kvarande, ulike reaksjoner og det å snakke om kva som eigentleg skjedde.

- Nytt møte: Tysdag 28.nov kl.20.00